



Per Kragseth

Dato: 12.09.2018
Vår ref.: 2018/10038-5
Saksbehandlar: oleharl
Dykkar ref.:

Svar om Bybanen og kulturhus i Fyllingsdalen

Viser til brev til fylkesordførar Anne Gine Hestetun frå Per Kragseth 25. mai 2018. Kulturrådet spør i brevet om det er mogleg å finne betre løysingar for riggområde og framdrift for bygginga av Bybanen, slik at kulturhustomta kan verte frigjeve tidlegare. Kulturrådet viser til framdriftsplanen til bybaneprosjektet, som skisserer at tomten kan frigjevast til kulturhuset i 2022.

Reguleringsplanen for Bybanen til Fyllingsdalen vart vedteke av Bergen bystyre 21.06.2017. Denne definerer kva for areal som kan takast i bruk til bybaneprosjektet, inkludert til riggområder. Med ein kostnad på 6,7 milliardar kroner, er dette eit svært stort prosjekt, og prosjektet har ein stram, heilskapleg framdriftsplan. Endring i framdrifta for eit område vil få konsekvensar for andre område og den heilskaplege framdrifta. Bybanen utbygging, som er byggherre for prosjektet, meiner tida fram til 2022 trengst for å gjere ferdig bygginga.

Av omsyn til å halda seg til vedteken reguleringsplan og framdriftsplan, kan ikkje fylkesordføraren sjå at tomta kan verte frigjeve før det.

Anne Gine Hestetun
fylkesordførar